



Barne- og likestillingsdepartementet
Kunnskapsdepartementet

Vår dato: 1.12.2009
Vår ref.:
Dykkar dato: 01/10/09
Dykkar ref.: 200602259
Sakshandsamar:

Høyring - NOU 2009:8 Kompetanseutvikling i barnevernet

ASH deler i store trekk utgreiinga sine synspunkt, både vurderinga av at noko bør gjerast med kompetansen i barnevernet og kva som bør gjerast. Utvalet har hatt høge ambisjonar for dei som skal arbeide i barnevernet, statusen skal hevast. Utdanningane skal fornyast fagleg, kompetansen skal aukast, nye undervisningsmåtar skal takast i bruk og det skal vere ei tettare kopling til praksisfeltet. Dette er viktige målsettingar og tiltak som vi sluttar oss til.

Talet på søkjarar til barnevernsutdanningane har gått ned dei siste åra, og det gir grunn til bekymring. Vi meiner det er viktig med rekrutteringstiltak og omdømmebygging som kan gi auka status for dette viktige arbeidsområdet, og som kan gjere utdanningane meir attraktive.

Fagleg innhald

Utdanningane må sjølvstøtt vere relevante og operative i høve til utfordringane i praksisfeltet, og det betyr at utdanningane i stor grad vil vere like og ha det same innhaldet. Utgreiinga meiner det er eit problem at utdanningane i dag har ulik vektning av fagleg innhald og ulike praksisordningar. Dette er også framheva i BLD/KD sitt høyringsbrev. Vi ser at dette kan vere eit problem, men for oss er det viktig å understreke at forskingsbaserte utdanningar må ha stor fridom til å oppdatere og vidareutvikle sine tilbod, og at det også ligg ein stor verdi i å ha ulike miljø som utifrå ulike faglege vurderingar vel ulike løysingar. Det signaliserer tillit til fagmiljøa, og gir fagmiljøa ansvar for å vidareutvikle fagtilbod og undervisningsmåtar, tenkje fagleg relevans og samfunnsoppdrag, og å utvikle nær kontakt og samarbeid med praksisfeltet.

Difor vil vi vere kritiske til rammeplanar som i detalj skal styre innhald og arbeidsmåtar i utdanningane. Slike rammeplanar kan, når dei blir introduserte, gi innspel til ein kritisk gjennomgang av tilboda og inspirere til nytenking, men i neste omgang kan dei bli ei tvingstrøye for vidare utvikling av utdanningane. Vi meiner det er viktig å finne ein god balanse mellom nasjonale rammeplanar og ordningar som utnyttar fagleg kompetanse, erfaring, engasjement og ansvar ved dei ulike utdanningane.



Utvalet nemner 14 emneområde som bør vere sentrale i bachelorutdanningane, og framstillinga er knytt til utfordringar i sjølve profesjonsutøvinga i yrket. Nokre av desse emna har klare koplingar til etablerte fagdisiplinar, andre har ein meir tverrfagleg karakter. Overordna er det nemnt gjennomgåande fellestema som knyter seg til relasjonskompetanse, kritisk kompetanse, etikk, skjønnsutøving. Vi meiner utvalet si framstilling opnar for ulik vekting av fag og ulike pedagogiske løysingar, og vi sluttar oss til denne måten å beskrive kompetansebehova på.

Vi sluttar oss også til framstillinga av det substansielle innhaldet i dei 14 punkta og meiner dei gir eit dekkjande bilete av kompetansebehova i yrket.

Vi stiller oss likevel spørjande til om det er mogleg å realisere alle desse målsettingane innafor eit tre-årig bachelorløp. Vi deler utvalet si vurdering av at undervisningsmåtane bør endrast. Skal ambisjonane realiserast må meir av undervisninga skje i mindre grupper, vere meir case-orientert (pbl), koplast tettare til praksisfeltet og det bør vere ei tettare fagleg oppfølging av einskildstudentar. Dette er ikkje mogleg utan auka ressursar til utdanningane. Målsettinga om å gi studentane handlingskompetanse basert på solid fagleg skjønn, og samtidig utvikle kritisk kompetanse til eigen praksis og profesjonen sin praksis, er eit utfordrande pedagogisk prosjekt som ikkje kan løysast gjennom store fellesforelesingar og mange timar på lesesalen.

Kvalitetskrava

Vi meiner det organet som KD har etablert for kvalitetssikring av utdanning på høgare nivå, NOKUT, på ein tilfredsstillande måte kan ivareta kontrollen av kvaliteten i utdanningane. Men vi ser også behovet for eit ***Nasjonalt fagråd*** som held i gang ein debatt om fagleg innhald, undervisningsmåtar, praksissamarbeid og "*best practices*" i utdanningane. Eit slik fagråd kan også utvikle faglege nettverk for forskning og utveksling av kompetanse og undervisningsopplegg mellom institusjonane.

Spørsmåla om ***turnusordning*** etter fullført utdanning og ***autorisasjon*** bør utgreiast nærmare. Det er viktig å sikre at dei som går inn i yrket ikkje berre har oppfylt formelle krav gjennom eit utdanningsløp, rett nok med innslag av praksis, men at dei også har dei personlege eigenskapar, innsikter og haldningar som yrket krev. Ein del av denne kvalitetssikringa er heilt klart eit ansvar som også ligg i utdanningane, men ei grundigare vurdering t.d. gjennom ei turnusordning, bør vurderast.

Master- og doktorgradstilbod

Heving av kompetansenivået og utvikling av fagfeltet krev også tilbod på høgare nivå. På masternivå vil emne knytt til barnevernet kunne gå inn som delar av mastergrader i ulike disiplinifag, men det bør også vere eigne tilbod om tverrfaglege masterutdanningar i barnevern. Vi ser også behovet for tverr-profesjonelle mastergrader der barnevernsrelaterte emne og perspektiv kan inngå saman med andre helse- og sosialfaglege utdanningar.

Doktorgradstilbod er også nødvendig for kvalitetsløftet. Departementet sitt ønskje om strengare krav til doktorgradsutdanningane gjer det naturleg å tenkje seg at slike tilbod blir utvikla i samarbeid mellom ulike fagmiljø.

Etter- og vidareutdanning bør, som utgreiinga foreslår, leggest til miljø med studietilbod på masternivå. Vi støttar også tanken om at tilsette i barnevernet regelmessig skal innom faglege oppdateringskurs. Dette bør følgjast opp med lønsordningar som stimulerer til etter- og vidareutdanning (jf læraryrket).

Studentrekruttering

Vi trur at ei ekstra satsing på omdømme- og rekrutteringstiltak kan gi auka søkjartal til utdanningane. Men høgare status til yrket (i.e. høgare løn) er truleg ein viktigare faktor.

For ASH

Ketil Jarl Halse
dekan